

	Søkar	Kommune	Friluftsområde	Skildring av området frå søkar	Kommentar/ vurdering	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding
1	Bergen og Omland friluftsråd	Austrheim	Øksnes	Utviding av eit sentralt tilrettelagt friluftsområde med eit kaiareal (m/ næringsbygg) i Nordhordland. Inne på friluftsområde ligg ein privat eigedom med ein større bygning (naust) og ein betongkai. Eigedommen har kvalitetar til næringsføremål. Området ligg midt i eit båtutfartsområde, og er godt eigna for kajakkture i Nordhordland. Søkar seier det er viktig å få sikra området, elles kan private interesser kome inn og skape utfordringar for det eksisterande friluftsområdet. Det er stor fagleg semje frå kommune og friluftsråd om at samfunnsgevinsten er stor ved at parsellen vert innlemma i friluftsområdet, og at bygningen får ein friluftsfagleg funksjon. Minneleg avtale er underteigna av grunneigar.	Området heng saman med eksisterande friluftsområde som anses som regionalt nytta, og difor søkjast det om statleg erverv inntil 100%. Eigedommen som er til salgs eignar seg godt til næringsføremål, og friluftsrådet fryktar at anna oppkjøp vil svekke kvalitetane til friluftsområdet. Strandsoneområdet treng sikring for å ivareta og vidareutvikle sin funksjon som regionalt friluftsområde. Dette er særleg viktig sidan store areal i Øksnesmarka er sett av til næringsverksemd i kommunaplanen si arealdel for Austrheim kommune. (Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland si samla vurdering knytt til arealdisponeringa i Øksnesmarka står framleis ved lag der dei rår ifrå næringsareal i Øksnesmarka). På øyane utanfor er det fleire friluftsområdet tilgjengeleg frå sjøsida, men på Øksnes er det tilkomst frå land samt eigna å sjøsetta kajaker. Kai og bygg vil bli nytta til friluftslivsbruk, og komplettere eksisterande bruk av område som utstyrsbase og kai for meir regionalt besøk. Sikring vil og gje moglegheit for utvikling og ivaretaking av Øksnes friluftsområde. Området blir mykje nytta og havsportveka, padlekurs og andre arrangement vert haldt på Øksnes. Tilgong og området elles er eigna for dei med nedsett funksjonsevne. Øksnes er kartlagt som utfartsområde og verdisett til svært viktig friluftsområde.	1 200 000	1 200 000	1 200 000
2	Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Geitvika	Utviding av eksisterande friluftsområde med eit tilleggsareal, som i dag er regulert til kontorbygg/ parkeringsareal sentralt plassert på Straume. Einaste offentlege tilgong til sjø i heile området. Det er tilgang til området både frå land og sjø, med gangavstand til store boligområder, skular, barnehagar og næringsområder. Bergen og Omland friluftsråd har gjennom mange år arbeidd for å sikre Geitvika for ålmenta i eit urbant område med stor befolkningskonsentrasjon og stort press på areal med tilkomst til sjø. Området ligg kort gangavstand fra Sotra Arena (anleggspark med idrettsanlegg og nettverk av merka turløyper) og kort reiseveg frå Bergen sentrum. Området er regionalt nytta og det vert søkt om statleg erverv inntil 100%.	Området sin sentrale plassering ved kommunesenteret på Straume i Fjell ligg midt i senter for nye kystbyen i Øygarden kommune og nedslagsfelt på over 10 000 potensielle brukarar i heile Bergen Vest i følge Bergen og Omland friluftsråd (BOF). Området er tilgjengeleg til fots og sykkel frå dei store boligområda på Lille Sotra, og det er fortau frå senterområdet og heilt ned til friluftsområdet. Geitvika er ein av få offentlege område med tilgong til sjø for Lille Sotra og region vest i Bergen. I dag er det ikke godt tilrettelagt på Geitvika for mange brukarar. Men BOF og Fjell kommune har plan for tilrettelegging for heile området, med oppstart hausten 2019. Dei to hyttene som står på området skal rivast og arealet til bakland som bruksareal vart betydelig større enn slik det framstår i dag. Området har godt med areal som skal tilrettelegges med natursteins promenader langs heile sjølinja og trapper ned mot strendene. Det skal og tilretteleggast for barnehagar og skuleklassar på området med gapahuk og bålplass. Tilkomsten frå parkering skal forbetrast slik at rullestolbrukere kan komme ned til oppholdsarealene langs strandsonen og heilt ut på flyte/badebrygge. Naustet er tenkt brukt av barnehager/ skoler i nærmiljøet som utstyrsbase for aktivitetar i friluftsområdet. Å sikre denne parsellen vil ikke bare auka tilrettelegging for tilkomst og parkering, men opne opp for tilretteleggingstiltak for heile området i høve forvaltningsplanane til BOF. Kvadratmeter prisen for parsellen kan bli sett på som uforholdsmessig høg med formål som parkeringsplass. Tilgjengelegheit, bruksfrekvens og press på strandsonearealet er viktige momenter. Geitvika er kartlagt som leke- og rekreasjonsområde og verdisett til svært viktig friluftsområde.	3 648 000	3 648 000	3 648 000
3	Bergen og Omland friluftsråd	Fusa	Vinnesholmen	Kystverket fekk i oppdrag i 2018 å avhende Vinnes fiskerihavn. Fusa kommune har kjøpt område og ønskjer no å statleg sikre moloen for auka tilkomst, i samråd med Bergen og Omland friluftsråd. Molo-området ved Bjørnafjorden i Fusa kommune ligg sentralt i Hordaland – sør for Bergen. Fjorden er svært sentral som båtutfartsområde for heile regionen. Vinnesholmen er allereie eit populært friluftsområde med kystledhus, badeplass og turløyper. Huset vert driven av Vinnes kystlag.	Vinnesholmen vert mykje nytta som badeplass, fiske, turgåing og rekreasjon. Vinnesholmen er kartlagt som strandsone med tilhørende sjø og vassdrag og verdisatt som svært viktig friluftsområde. Området er tilgjengeleg for alle brukergrupper og vert m.a. nytta til undervisningsopplegg for skuleklassar og Vinnesfestivalen som går av stabelen kvart år. Sikring aukar tilkomst til eit allereie mykje nytta friluftsområde. Området ligg godt tilgjengeleg ved Bjørnafjorden. Båthavn gjer at området også er lett tilgjengeleg frå sjøen.	750 000	750 000	750 000
4	Bergen og Omland friluftsråd	Fusa	Baldersheim	Kystverket fekk i oppdrag å avhende Baldersheim fiskerihavn i 2018. Fusa kommune kjøpte opp område og ønskjer no å statleg sikre moloen for auka tilkomst, i samråd med Bergen og Omland friluftsråd. Området ligg ved Bjørnafjorden i Fusa kommune, har regional bruk og vert søkt om statleg erverv inntil 100%.	Det er eit ynskje frå BOF si side å ha god hamnedekning rundt heile fjorden. I Baldersheim vil ein samstundes få god, offentlig tilgang frå landsida mot fjorden, noko det er stor trong for, sidan svært mange av dei andre områda til BOF berre er tilgjengeleg med båt. Baldersheim er kartlagt til leke- og rekreasjonsområde, og verdisett som eit svært viktig friluftsområde. Området vert nytta av skuleklassar og barnehagar til friområde og læringsarena. BOF har planar om å gjere området meir tilrettelagt og attraktivt som bade- og fiskeområde, noko som gjer sikring viktig. Baldersheim vil med noko tilrettelegging truleg også bli attraktivt for bading og utsetjing av kajakk. BOF har konkrete planar for dette. Området er i hovudsak eit båtutfartsområde og difor prioritert som nr. 4.	800 000	800 000	800 000
5	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Litle Lykelsøya	Eit særst populært båtutfartsområde sentralt plassert i Sunnhordlandsbassenget. Det er maks 1500 meter til Halsenøy som er næraste tettstad. Naboøya Stora Lykelsøya er eit av dei mest populære båtutfartsområda i regionen med sprengt kapasitet i høgsesongen. Status i saka er at grunneigar tok kontakt med ønskje om salg, og det er semje i dialog om pris. 250 000 kr av summen gjeld tilretteleggingstiltak i form av flytebrygge. Området vert regionalt nytta og det vert søkt om statleg erverv inntil 100%. Stort potensiale for stor bruk og behov for tilrettelegging.	Området bør sikrast grunna intensiv bruk og behov for tilrettelegging som flytebrygge og informasjonstavle. Øya har mange friluftsverdiar som vestvendte svaberg, lune bukter med kvit sandbunn m.m. Regional bruk er tydeleg og ved sikring og opparbeiding vert bruken garantert høg for dei med båt. Litle Lykelsøya er kartlagt som strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag og verdisett som eit svært viktig friluftsområde. Grunna dei statlege føringane for prioriteringar av friluftsområder i nærmiljøa med lett tilgang for allmenna, vert Litle Lykelsøya prioritert som nr 5 p.g.a. at det er eit båtutfartsområde. Stort potensiale for stor bruk og behov for tilrettelegging.	787 500	600 000	600 000